

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjenna til og kunna bruka verkemiddel som gjentakning, kontrast, samanlikning, besjeling, metafor, humor og frampeik i ein tekst</li> <li>• Bruka ulike skrivemåtar i ei forteljing</li> <li>• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Book project: Reading to increase learning</li> <li>• How to write summaries</li> <li>• Grammar: There is, there are</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnerekkefølge og parentesregning</li> <li>• Potenser og kvadratrot</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara korleis endringar i samfunnet har påverka levealder og barnefødsler</li> <li>• Forklara årsaker til innvandring og utvandring frå Noreg</li> <li>• Gje døme på korleis teknologi har påverka levekåra i Noreg</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og presentera sentrale trekk ved hinduismen</li> <li>• Kunna ta andre sitt perspektiv</li> <li>• Reflektera over korleis det er å høyra til ein liten minoritet i Noreg</li> <li>• Reflektera over spørsmål som er knytt til det å veksa opp og leva i eit mangfaldig og globalt samfunn</li> <li>• Bruka og drøfta fagomgrep om religionar og livssyn</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje døme på observasjonar som visar at kontinental på jorda har hange saman</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skildra deg sjølv og andre</li> <li>• Sterke verb: SER &amp; TENER</li> <li>• Snakka om skule, fag og kva ein gjer på fritida</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna presentera seg sjølv og seie noko om hobbyar</li> <li>• Kunna bøya uregelrette verb i presens</li> <li>• Snakka om mat</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka engelsk munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna bruka grunnleggande grammatiske strukturer</li> <li>• Kunna snakka og skriva om eit kjent tema</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar, arbeidsteikningar, modellar og digitale verktøy</li> <li>• Vurdera materiale sin haldbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk, og bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på, utvikla og bruka grunnleggjande teknikk i ulike ballspel</li> <li>• Visa forståing for «fair play»</li> <li>• Oppmuntra og spela andre gode</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og bruke teknikkar knytt til kart og kompass, bålfyring, knutar, førstehjelp og reiskapar</li> <li>• Holde orden på og vurdere bruk av utstyr og kledning</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdast i naturen på ein trygg og sporlaus måte og ta ansvar for seg sjølv og andre</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Øva på å seia noko fint til kvarandre</li> <li>Vita kva mobbing er</li> <li>Reflektera rundt mobbing, sosiale prosessar og betydinga av eit inkluderande fellesskap</li> <li>Setja seg inn i andre sine situasjonar</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Utviklingssamtalar

Dokke får innkalling til utviklingssamtale med kontaktlærer i løpet av november. Eleven skal vera med på samtalen. Det er forventa at dokke på førehand har vore inne på Foreldreportalen i Visma Flyt skole og lese framovermeldingane i dei ulike faga.

### Elevundersøkinga

I dei komande vekene skal me gjennomføra elevundersøkinga på heile skulen. Me bruker svara på undersøkinga til å jobba målretta med skulemiljøet og trivselen til elevane. Det er frivillig å svara på elevundersøkinga, men me ønsker helst at alle deltek, og svarer ærleg og så godt dei kan, slik at me har mest muleg rett informasjon når me skal jobba vidare med dette.

### Elevbedriftsmesse

9. trinnet er i full gang med produksjon og sal av varer og tenester i elevbedrift. Onsdag 13.november arrangerer dei ei messe i gymsalen kor bedriftene får vist fram produkta sine. Me skal få besøka messa i 6. time, der elevane får inspirasjon til dei sjølve skal ha elevbedrift neste år.

### Innsamlingsaksjon Hei verden

Skulen samlar kvar haust inn pengar til Hei verden sine bistandsprosjekt rundt om i verda, og i år har me valgt å støtta prosjekta dei har i Zambia.

Trinna samlar inn pengar på ulike vis. 10. trinnet jobbar ein dag og 9. trinnet skal ha bøsseinnsamling. På 8. trinnet skal me ha ein open kveld med masse aktivitetar, cafe og loddsal. Meir info kjem, men set av dagen: onsdag 27. nov kl 17-19

### Planleggingsdag

15. november har lærarane planleggingsdag, og elevane har fri denne dagen.

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
KRLE	Skriftleg prøve i hinduismen	Ja	Veke 45, onsdag i 6. time

Samfunnsfag	Skriftleg prøve i kapittel 3: identitet – kven er vi	Ja	Veke 45, måndag og tysdag
Matematikk	Skriftleg prøve i kapittel 1: tal og talforståing	Ja	Veke 46, tysdag og torsdag

HEIMEARBEID VEKE 45	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal til siste norsktid i veka.
Engelsk	Les kapittel 53 frå boka. Du finn teksten på Teams.
Matematikk	Gjer ferdig undervegsvurdering 1 på s. 93 og jobb med målarket.
Samfunnsfag	Les <a href="#">denne</a> teksten om det amerikanske valet. Svar på desse spørsmåla: 1. Kva er skilnadane mellom eit fleipartisytem og topartisytem? 2. Kor mykje pengar blir brukt på valkampen i USA og Noreg? 3. Kor mange kvinnelege statsleiarar har det vore i USA og Noreg?
KRLE	Førebu deg til skriftleg prøve i hinduismen. Målark med kva du bør kunna finn du på OneNote.
Tysk	Sjå onenote veke 45
Eng fordj	Sjå ON, veke 45
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Ha med iPad. Vegard si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ha med iPad.
Fys.ak.	<b>NB!</b> Nå skal gruppene byte plass: Gruppe 1: Møter i Timehallen. Gruppe 2: Møter i gymsalen på BUS. Hugs skifteklede – alle skal dusje i garderobane.
Friluftsliv	Siste gong med sykkelturn på onsdag. Ta med sykkel og hjelm, og klede etter veret. Møt ved boda til frilageret utanfor Sivdammen kl. 08:00. Ta med mat som du og gruppa har planlagt.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs å gje sidetal til læraren din i slutten av veka. Bokpresentasjon av ei bok du har lese i veke....
Engelsk	Write what you think of the book so far: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Are you enjoying it? Write at least three sentences with complete sentences.</li> <li>• Describe Christopher in two sentences (minimum)</li> </ul>
Matematikk	Gjer ferdig undervegsvurdering 1 på s. 93 og jobb med målarket.
Samfunnsfag	Sjå på det første biletet <a href="#">her</a> om forventa levealder. Kva trur du dei forskjellige symbola tyder? Korleis kan dei ha påverka auken i forventa levealder. Skriv på ON.
Naturfag	Les s. 104-107 og gjer oppgave 1 og 3 på s. 117
Tysk	Sjå onenote veke 46
Eng fordj	Sjå ON, veke 46

<b>Kantine</b>	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Ha med iPad. Anne Marie si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ha med iPad.
<b>Fys.ak.</b>	Gruppe 1: Møter i Timehallen. Gruppe 2: Møter i gymsalen på BUS. Hugs skifteklede – alle skal dusje i garderobane.
<b>Friluftsliv</b>	Møt i klasserommet til 8A. Me skal i gang med prosjektarbeid.